

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 15. nov 2008



Eigen stat. Senterpartiet står sterkt i Velledalen. Vi registrerer at ”skipperen” på skuta, Jarle Strømmegjerde, nyleg kasta seg over bord. Dette trass i at det korkje var feil på mannskap eller skute, slik varaordførar Odd Jostein Drotninghaug såg det. I fylgje Strømmegjerde var det tidlegare mannskap, som no var avmønstra, som var årsaka til at han bråbykste. Strømmegjerde lova i Sykkylvsbladet at han ville mønstre på ei ny ”skute” i god tid før neste val, og at han var politiskar for heile bygda..... Det må vel tyde at Strømmegjerde ser på Velledalen som ein eigen stat.....??

Arbeid. Styreleiar i ViB, Petter Velle, opplyser til DiS at det har meldt seg éin kvinneleg søkjar til jobben som ny dagleg leiar ved Jokerbutikken på Brunstad. Vidare kunne han melde at reknskapstala for 2008 (fram til månadsskiftet oktober/november) er positive, så det er god von om å gå i overskot også dette året.

Tidtrøyte i helga. Laurdag 29. november er det julegrantenning ved Jokerbutikken. Vanleg opplegg med gløgg, pakkar til ungane og julenisse. Og korpset spelar. Jokerbutikken klokka 16.00 er tid og stad.

Seinare på kveld same dag held Svingfoten samkome i Grendahuset i Velledalen. Det er ikkje for seint å delta (påmelding til Odd Kåre Fet). - Her vert det servert julemat av fyrste klasse med riskrem til dessert. Modo Band står for musikken. Erfarne karar som spelar allsidig musikk, seier primus motor, Odd Kåre Fet, til DiS på ei god telefonline.

-Bli med oss. Oppfordringa kjem frå Turid Bøkestad Fet, leiar for Helselagsforeninga i Velledalen. – På eit av møta våre i haust møtte berre fem damer. Det er altfor lite. Vi vil gjerne ha med fleire, og svært gjerne personar under 50 år, seier ein lettare oppgitt helselagsleiar.

Og vi synest fleire bør fylgje oppfordringa. Helselaget er ein viktig institusjon i dalen som med ujamne mellomrom gir rause gåver til grendahus, bedehus, idrettslag, korps m.m.

Frå herretrimhald vert det reist spørsmål om kva kvinnfolka i dalen eigentleg syslar med i den mørke årstida. Dametrimmen er nedlagt og ikkje går dei på helselagsmøte. Kan dei alt no ha hivd seg over kjevla og julebaksten..?

Fellingsresultat. Hjortejakta er snart over for i år. Ei veke før jaktslutt, syner fellingsstatistikken desse tala for Velledalen Storvald. Tildeling 105 dyr. Tala over utanda dyr (skotne) pr. 23.11.08 er slik: Kalv 19, piggbukk 10, eldre hann 11, hind 18, totalt 58 dyr som gir ein fellingsprosent på 55. Med dette resultatet er Velledalen Storvald nest sist på lista målt etter fellingsprosent. Hundeidvik Storvald toppar med ein prosent på 94.

Bossdunkplassering. Den fyrste harde snøria denne vinteren har vi lagt bak oss. Eivind Bolstad, i Bolstad Traktor&Maskin, kjem no med ei oppmoding om at folk ikkje plasserer bossdunken slik at den kjem i konflikt med brøytinga. Hugs det ved neste utsett.

Juletre. Fleirtalet av oss held seg til ekte juletre. På Holen på Hole finst det mange hogsmodne tre som kan tenkje seg å pryde stova di – og eigaren, Jon Hole, kan tenkje seg selje. Han kan tenkje seg å selje til einskildpersonar eller til lag/organisasjonar som kan tenkje seg å tene nokre kroner. Det er mogleg med sjølvhogst, eller du kan få treet frakta til døra di. Det meste er mogleg, Uansett, kontakt Jon Hole, tlf 70 25 14 95 eller 959 13 264

Juleblomar. Julestjerne, juleglede, asalea – kjende namn ikkje sant! Vi snakkar om juleblomar, og hjå Holmbergs gartneri har dei det som trengst på området. Salet er no i gang med desse opningstidene; 0930 – 1700 , laurdagar 14.00

Nærare jul vert opningstida utvida – Holmbergs gartneri, best på kvalitet til rett pris !

Kurs og konferansesenter. I helga kan dei som ynskjer prøve skia på fjellet. Men fjellet kan brukast til meir enn ski. Gå inn på www.velledalen.net og les om folket i Larsgarden på Øggaren (Drotninghaug) som arbeider med planar om kurs og konferansesenter på Gamlestølen.

Urbanisering. Velledalen er vel det minst urbaniserte du kan tenkje deg. I alle fall i går då regnet støynde ned, snøen smelta, straumen gjekk (i deler av dalen) og vatn, tre og jordmassar kom ut av kontroll. Vi var faktisk isolerte ein periode. Ikkje kom vi oss til Aure og ikkje til Stranda. Både Bjørn Asle Lade og Eivind Dale Bolstad var i nærkontakt med naturkreftene. Heldigvis gjekk det relativt fort over. Alt dagen etter gnei mange velledalingar seg i augene. Ikkje mindre enn to trafikklys kom opp i dalen. Å måtte vente på raudt lys er ikkje velledalingane vane med. Truleg var det fleire som firla etter mobilnummeret til trafikklærar Innerdal for å friske opp att reglane.

No manglar vi berre ei rundkøyring før urbaniseringa er fullkoma. Kvar skal i så fall denne ligge.... Kanskje på Hjorthol for lettare å kunne ”sluse” bilane ned til Jokerbutikken. Sei gjerne di meining om saka til DiS. Urbanisering eller ikkje. Laurdag klokka 16.00 tender vi julegrana, og vi gjer det i trygg visse om at vi har det betre enn dei fleste – heilt utan trafikklys og rundkøyringar. Eller kanskje nettopp derfor.



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.